Ros for fiskeravgift-ordning

20.06.2011

Laks og sjøaure fanga i Uskedalselva fredag

SPAR bør rosast for opplysning om ein praktisk rutine for betaling av fiskeravgifta, seier oppsynsmann Arne Terje Haugland. Før måtte ein betala i bank, no kan ein betala direkte på nettet.

For å få prosedyren i gang er det berre å slå inn inatur.no, opplyser Gunn Mari Moberg. Det går også an å betale avgifta med mobil, ved å sende kodeordet inatur til 2470 og motta link til den mobile web-løysinga.

Alle som har fylt 16 og skal fiske etter laks, sjøaure og sjørøye i vassdrag eller med faststående reiskap i sjjøen, skal betala fiskeravgift

Men det bør presiserast at dette gjeld berre for denne avgifta. Det lokale fiskekortet må kjøpast på vanleg måte, på SPAR, Rabben eller Auto 88.